



HAREID KOMMUNE

Plan for symjeopplæring i grunnskulen i Hareid

2014 -2017



Plan for symjeopplæring

Utarbeidd av	Sektor for oppvekst av plangruppe: Wibekke Gundersen Mork Cecilie Bjørlykke Mariann Båtnes
Dato	Mai 2014



Innhold

Innleiing

Plan for symjeopplæring i grunnskulen i Hareid

Definisjon av symjedyktigheit

- Mål etter 4. steget
- Mål etter 7. steget
- Mål etter 10 steget

Kartlegging av læringsutbytte

Plan for tryggheit i symjeopplæringa

- Opplæringslova §9a-9

Årleg kontroll og oppfrisking

- Alarmplan
- Grunnkurs-oppfrisking-årleg livredningsprøve

Vedlegg

- Kompetansebevis for årleg gjennomført livredningsprøve
- Skjema for fullført grunnkurs i livredning
- Skjema for årleg oppfriskingskurs livredning
- Alarmplan



Innleiing

Etter forskrift til Opplæringslova §1-1 skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Kunnskapsløftet i kroppøving stiller ikkje krav om kor mange timar elevane skal ha, eller på kva steg symjinga skal gå føre seg. Læreplanane seier noko om kva for kompetanssmål eller ferdigheiter som elevane skal ha nådd når dei er ferdige med 4., 7. og 10 årssteget.

Elevane i Hareid kommune har symjing i frå 3. – 10. steget.

Bassenget i Hareidhallen har i 2014 ope gjennom heile skuleåret.



Plan for symjeopplæring i grunnskulen i Hareid

Symjedyktigheit i Hareid kommune vert definert slik:

- Å kunne rulle ut på djupt vatn
- Etterpå symje 100 m på magen
- Stopp, kvil flyt på magen
- Rull over og flyt på ryggen
- Etter dette; symje 100 m rygg

Læreplanverket for kunnskapsløftet (LK 08) har under kroppsøvningsfaget følgende kompetansemål i symjeopplæringa:

Mål etter 4. årssteg:

- **Eleven skal vere trygg i vatn og vere symjedyktig**

Vurdering: Eleven skal vere fortruleg med å vere i vatn og kunne dykke og flyte og symje bryst og rygg.

Aktivitetar på 3.-4. årssteget
Fokus på bryst og ryggsymjing

Mål etter 7. årssteg:

- **Eleven skal utføre grunnleggande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn**

Vurdering: Eleven skal utføre symjeartar som bryst, rygg og crawl og i tillegg utføre symjetechnikkar under vatn

Aktivitetar frå 5.- 7. årssteget:
Hovudfokus skal vere bryst- og ryggsymjing, introdusere crawl

Mål etter 10. årssteg:

- **Symje. Utføre grunnleggande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn**

Vurdering: Eleven skal kunne utføre symjeartar som bryst, rygg og crawl. Skal kunne dykke ned til det djupaste nivået i bassenget.
Livberging: symje med klede og føre ein medelev til land, 25 m

Aktivitetar frå 8.- 10. årssteget:
Hovudfokus skal vere symjeartar og ilandføring. Crawl.

For elevar som har behov for ekstra opplæring blir det gjennomført opplæring i tillegg til den oppsette undervisningsplanen i symjing.

Kartlegging av læringsutbytte

Vurderingar vert gjennomført på alle steg og skal vere i samsvar med målsetting for steget. Sjå elles skulane sine eigne planar og vurderingskriterium for symjing

Plan for trygghet i symjeopplæringa

Opplæringslova §9a-9

Forskrift til opplæringslova §12 -1 Trygghet for elevane

I tillegg til dei krav om førebygging av skade og ulykke som følgjer av andre lover og forskrifter, som m.a. opplæringslova og dei delar av arbeidsmiljølova som er gjorde gjeldande for ulike opplærings situasjonar og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v. gjeld dette:

- a) *Når skulen er ansvarleg for tryggheta til elevane, må tilsynet i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade og ulykke kan skje.*
- b) *I situasjonar der skulen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskulen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stade. Dersom den gruppa skulen har ansvar for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn må vere flinke til å symje og dykke og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til trygghet gjer det naudsynt.*

Krav til personale med ansvar for symjeopplæring:

Viser til Udir Rundskriv 1-2008

Ved begynnaropplæring skal det alltid vere minst 2 tilsynspersonar. Assistentar kjem i tillegg til personar som har tilsyn og kan ikkje erstatte desse.

Dersom gruppa er over 15 elevar, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar ny gruppe med 15. Jamfør §12-1 bokstav b.

Når elevane er symjedyktige og det elles ikkje er spesielle problem med opplæringa i den aktuelle gruppa, kan ein tilsynsperson både ha undervisning og tilsyn med inntil 15 elevar.

Når det er tilhøve som gjer opplæringa særleg vanskeleg og/eller set tryggleiken i fare, skal tilsynet styrkast. Det kan vere at elevar treng særskilt tilrettelegging og ekstra tilsyn, til dømes elevar med vasskrek, epilepsi, nedsett funksjonsevne, elevar som syner utagerande åtferd eller elevar som det av anna årsak må takast særskilt omsyn til.

Det skal utnemnast ein som har det overordna ansvaret i symjehallen. Den som skal ha tilsyn/ansvar må vere over 18 år og fyller krava til dugleik i symjing og livredning. Jamfør Rundskriv 1-2008. Rektor har ansvar for å utnemne ein ansvarleg i symjetimane.

Tilsynet må kunne utføre livredning i praksis i symjehallen der ein underviser. Dvs dykke ned til botnen i den djupaste delen av bassenget og hente opp ting med storleik og tyngd tilsvarande ein elev. Tilsynet må også kunne hjarte/lungeredning (HRL) og ha kunnskap om alarmplanen og tryggleiksinstruksen for bassenget.

Årleg kontroll og oppfrisking

I tillegg til grunnkurset skal alle som har tilsyn gjennomgå årleg kontroll og oppfrisking. Oppfriskinga skal m.a. innehalde redning, livreddande førstehjelp og reglar/alarmplan. Alle må i den praktiske prøva klare krava i høve til kompetansebeviset.

Rektor har ansvar for at personar som skal ha tilsyn med symje- og livredningsopplæringa gjennomfører den årlege kontrollen og oppfriskingskurset. I Hareid kommune vert det utnemnd ein som skal vere ansvarleg for årleg kontroll og oppfrisking. Rektorane ved skulane samarbeider om dette.

Alarmplan

Ved all symje- og livredningsopplæring skal det ligge føre ein alarmplan. Planen skal kort og klart fortelje kva som skal gjerast frå alarman går til situasjonen er avklart. Skuleeigar er ansvarleg for det finst ein slik plan. Rektor er ansvarleg for at alle som har tilsyn med symjeopplæringa er kjent med innhaldet. Alarmplanen skal vere lett synleg/tilgjengeleg. Rektor utnemner ein ansvarleg redningsleiar for symjetimane.

Grunnkurs- oppfrisking – årleg livredningsprøve

Alle som har tilsyn i samband med symjeopplæringa/bruk av bassenget i Hareid kommune skal kvart 4. år gjennomgå grunnkurs i livberging og HRL. Skuleeigar er ansvarleg for å denne opplæringa. Oppfrisking og årleg livredningsprøve skal gjennomførast kvart år. Rektorane ved skulane i Hareid peikar ut kontrollør og er ansvarleg for at alle som har tilsyn har godkjent prøve.

Kurs/årleg livredningsprøve skal gjennomførast kvar haust før symjeopplæringa tar til.

Rektor fører liste over kven som har gjennomført grunnkurs og årleg prøve.



Plan for symjeopplæring i grunnskulen i Hareid skal rullerast våren 2017.

.....skule – registrering av lærerar/ assistentar som har fullført grunnkurs – gjeld for 4 år

Namn	Dato/ år for kurs/ prøve	Bestått/ ikkje bestått	Namn på instruktør	Merknad



HAREID KOMMUNE

..... skule
STADFESTING AV KOMPETANSE

Årleg livredningsprøve

..... har ved praktisk prøve vist at ho / han kan utføre:

Berging ved å:

- hoppe / stupe frå kanten av bassenget
- symje direkte 50m på bryst og 50m på rygg
- dykke og hente opp ei øvingsdukke eller partner frå det djupaste i bassenget
- ilandføre ein person minst 12,5m
- gjennomføre hjarte-lungeredning (HLR) på øvingsdukke
- kunne gjere greie for alarmplanen for gjeldande basseng
- nytte forlenga arm som redningsline, livbøye og redningsstang

Denne stadfestinga gjeld skuleåret det er stempla og underskrive og må fornyast innan ein startar symjeopplæring året etter.

Stad: _____ Dato: _____

Kontrollør:



